

**Møteprotokoll**

Utval:	Ulvik herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Ulvik herad, Biblioteket
Dato:	05.09.2024
Tid:	09:00 – 13:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Kristoffer Oppheim	Leiar	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleiar	AP
Harald Gorm Johnsen	Medlem	SV
Hans Åge Ohnstad-Johansen	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Maria de Fatima Vestrheim-Gomez	Medlem	V

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Arild Oppheim		SP

Andre som møte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Thore Hopperstad, kommunedirektør
Trygve Solberg, Økonomisjef
Janne Eraker, oppdragsansvarleg revisor Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken, Forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS
Geir Underhaug, Forvaltningsrevisor Vestlandsrevisjon IKS
Jens Olav Holven, Ordførar

Anders Kristoffer Oppheim
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 8/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 9/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29.05.2024	2024/8	
	Politiske saker		
PS 12/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet	2022/226	
PS 13/24	Oppfølging av forvaltningsrevisjon - kjøp av tenester frå andre kommunar	2022/337	
PS 14/24	Vurdering om Vestlandsrevisjon er uavhengig i høve Ulvik herad 2024	2024/109	
PS 15/24	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 i Ulvik herad.	2023/418	
PS 16/24	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 for Ulvik herad.	2023/417	
PS 17/24	Rapport etterlevingskontroll Ulvik herad 2023	2024/56	
PS 18/24	Vestlandsrevisjon IKS presenterer overordna revisjonsstrategi 2024 for Ulvik herad	2024/56	
PS 19/24	Budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad 2025	2024/18	
PS 20/24	Eventuelt	2023/503	

GK 8/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 9/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29.05.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 29.05.2024 vert godkjent

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 29.05.2024

Vedtak:

Protokoll frå møte 29.05.2024 vart godkjent.

PS 12/24 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Thore Hopperstad presenterte "nytt frå heradet" og svara på spørsmål.

Presentasjonen vert sendt ut saman med protokoll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 13/24 Oppfølging av forvaltningsrevisjon - kjøp av tenester frå andre kommunar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny status på handlingsplanen gjeldande kjøp av tenester frå andre kommunar til første møte i 2025

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Thore Hopperstad presenterte handlingsplan oppdatert pr. august 2024.

Denne vert sendt ut saman med protokoll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny status på handlingsplanen gjeldande kjøp av tenester frå andre kommunar til første møte i 2025

PS 14/24 Vurdering om Vestlandsrevisjon er uavhengig i høve Ulvik herad 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad, til etterretning.

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker orienterte kort.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker vedrørande om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad, til etterretning.

PS 15/24 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 i Ulvik herad.

Forslag til innstilling

- 1.Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Ulvik herad vert vedteken slik den ligg føre.
- 2.Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
- 3.Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
- 4.Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
- 5.Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vestlandsrevisjon IKS ved Arne Gilbakken og Geir Underhaug orienterte om arbeidet med OV og plan.

Etter sams drøfting i utvalet vart ein einig om slik prioritering.

Prosjekt nr. 10 i føreslått plan (Oppfølging sjukefråver) vert innstilt som ny nr. 1 med følgjande utviding:

Rekruttere og behalde kompetanse. (gjeldande heile organiasjonen)

Stikkord som kom fram i møtet gjeldande prosjektet:

- Sjukefråver
- Pensjonsalder - eller når går folk av? Seniorpolitikk
- Arbeidsmiljø
- Kompetanse i rekrutteringsprosess
- Kva er spesielt for Ulvik herad?
- Løysingar når ein over tid manglar kompetanse
- Heiltid - deltidspromblemattikk
- Etter og vidareutdanning desentralisert.
- Tørn - prosjektet
- Endringar i turnus - turnus folk vil ha?

Føreslåtte prosjekt 3, (SPIRA) og 7 Økonomi Helse og velferd. vert sett som 9 og 10.
Øvrig prioritering i revisjonen sitt forslag til plan vert behalde.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

- 1.Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Ulvik herad vert vedteken slik den ligg føre.*
- 2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.*
- 3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
- 4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
- 5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.*

PS 16/24 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 for Ulvik herad.

Forslag til innstilling

- 1.Forslag til plan for eigarskapsforvaltning for perioden 2024 – 2028 for Ulvik herad vert vedteken slik den ligg føre.
- 2.Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
- 3.Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
- 4.Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
- 5.Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontroll til heradsstyret etter kvart.

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vestlandsrevisjon IKS orienterte om arbeidet med ROV og forslag til plan.

To kommunalt heilegde selskap, Pallens AS og Plato AS er ikkje med i oversikten og er heller ikkje vurdert av revisjonen.

Kontrollutvalet ber om at Pallens eigedom AS og Plato AS kjem med i oversikten over selskap før saka vert sendt over til heradsstyret.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Forslag til plan for eigarskapsforvaltning for perioden 2024 – 2028 for Ulvik herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontroll til heradsstyret etter kvart.

PS 17/24 Rapport etterlevingskontroll Ulvik herad 2023

Forslag til vedtak

Etterlevingskontroll gjeldande Ulvik herad 2023 vert teken til etterretning.

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker presenterte rapport etterlevingskontroll for Ulvik herad 2023. (Presentasjon vert sendt ut saman med protokoll)

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Etterlevingskontroll gjeldande Ulvik herad 2023 vert teken til etterretning.

PS 18/24 Vestlandsrevisjon IKS presenterer overordna revisjonsstrategi 2024 for Ulvik herad**Forslag til vedtak**

- 1.Kontrollutvalet tar Vestlandsrevisjon sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
- 2.Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i første møte i kontrollutvalet i 2025, med frist for levering til sekretariatet 15.01.2025.
- 3.Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker presenterte overordna revisjonsstrategi og risikovurdering i høve forenkla etterlevingskontroll for Ulvik herad, rekneskapsåret 2024.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

- 1.Kontrollutvalet tar Vestlandsrevisjon sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
- 2.Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i første møte i kontrollutvalet i 2025, med frist for levering til sekretariatet 15.01.2025.
- 3.Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 19/24 Budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad 2025**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Ulvik herad.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i heradsstyret.
3. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Endeleg budsjett for Vestlandsrevisjon IKS vert vedteke i representantskapsmøte i desember 2024. Her kan det kome endringar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Ulvik herad.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i heradsstyret.
3. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

PS 20/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 05.09.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det vart meldt inn slike saker til eventuelt.

1. Epost frå Ulvik SV v/ Jenny Wright Johnsen

Utvalseiar mottok slik epost frå Ulvik SV onsdag 28.08.2024:

"No er snart eitt år sidan nytt heradsstyre vart valt, og på dette året er det ein god del saker som har blitt meldt inn til SV og som me i SV har observert og erfart sjølve. Fellesnemnaren for mange av desse problemstillingane trur me skuldast svak internkontroll i heradet:

- Manglande transparens og profesjonalitet i tilsetjingssaker.
- Manglande kultur for avviksrapportering (og i nokre tilfelle også manglande infrastruktur ved arbeidsplassane for å melda avvik).
- Manglande kjennskap til og handheving av etiske retningslinjer.
- Manglande kultur for risikovurderingar og bruk av ekstern fagkompetanse der dette er naudsynt (til dømes knytt til sjukefråvær og forvaltning av kommunalt grøntareal).
- Manglande eigarskap til oppgåver der fleire einingar i heradet er involverte.

Andre tema som inngår i forvaltningsrevisjon om internkontroll, og det som hadde vore interessant å veta meir om:

- Er det etablert eit system for varsling og oppfølging av varsel?
- Er det etablert eit føremålstenleg system for kompetanseheving og bemanningsplanlegging (inkludert vikarbruk)?

Det vil vera viktig at forvaltningsrevisor ikkje berre intervjuar den administrative leiinga i heradet, men også hovudtillitsvalde og andre som arbeider i tenestene.

Andre tema som burde vore oppe i kontrollutvalet er kultur for lukking av heradsstyremøte og kva type arbeid dei politiske utvala skal gjera."

Etter sams drøfting i utvalet vart det gjort slikt samrøystes vedtak.

1. Kontrollutvalet inviterer kommunedirektør til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om rutinar for avviksmeldingar og om heradet sine rutinar for varsling.
2. Epost frå Ulvik SV vert oversendt revisjonen til vurdering om nokre av problemstillingane/påstandane i brevet kan nyttast i framtidig revisjon.
3. Sekretariatet informerer Ulvik SV om kontrollutvalet si handsamaing av epost.

2. Ulvik herad sitt arbeid med KI?

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering om Ulvik herad sitt arbeid med KI (Kunstig intelligens) og problem/ moglegheiter knytt til KI td. på GDPR

Etter sams drøfting vart slikt forslag samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet invitere kommunedirektør til å orientere utvalet om heradet sitt arbeid i høve KI.

Vedtak:

1. Epost frå Ulvik SV v/ Jenny Wright Johnsen

1. Kontrollutvalet inviterer kommunedirektør til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om rutinar for avviksmeldingar og om heradet sine rutinar for varsling.
2. Epost frå Ulvik SV vert oversendt revisjonen til vurdering om nokre av problemstillingane/påstandane i brevet kan nyttast i framtidig revisjon.
3. Sekretariatet informerer Ulvik SV om kontrollutvalet si handsaming av epost, dagsett 28.08.24

2. Ulvik herad sitt arbeid med KI?

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering om Ulvik herad sitt arbeid med KI (Kunstig intelligens) og problem/ moglegheiter knytt til KI td. på GDPR

Etter sams drøfting vart slikt forslag samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet invitere kommunedirektør til å orientere utvalet om heradet sitt arbeid i høve KI.

